



Gulen kommune
Plan, landbruk og teknisk

Mercell KGV /Doffin

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2025/1086-1	Willy André Christensen	23.05.2025

Konkurransesgrunnlag for asfaltering av kommunale vegar i Gulen kommune 2025

Oppdragsgjevar:

Gulen kommune, Eigedomsforvaltning, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik

Oppdrag:

Gulen kommune ønskjer tilbod på reasfaltering av diverse kommunale vegar i 2025.

Tilbodet består i:

Reasfaltering med pris pr. tonn, samt pris pr. m2 for klebing på diverse vegstrekingar.

Tildelingskriteriet:

70 % Baserer seg på lågaste pris.

30 % Miljø og klima. Skildring av korleis miljøleiing blir gjennomført for dette prosjektet.

Oppstart: Sommar/haust 2025

Ferdigstilling: Haust 2025

Tilbudsfrist: Torsdag 19. juni kl. 14.00

Tilbod skal innleverast elektronisk via EU-supply KGV, konkurransen har referansenummer: **187206**. Tilbod innlevert på anna vis vil bli avvist.

Vi gjer merksam på at dersom tilbod ikkje tilfredsstiller utformingskrav som er nemnd over, vert tilbod avvist, jf. [Forskrift om offentleg anskaffelse](#) §11-11 (1b).

Kontaktperson for asfalteringsarbeid er:

Gulen kommune

Eigedomsforvaltning v/ Geir Haveland

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik

E-post: geir.haveland@gulen.kommune.no

Tilbodssynfaring: Det vert ikkje arrangert felles synfaring for desse oppdraga. Synfaring kan avtalast.

Prosedyre for anskaffinga:

Anskaffinga av oppdraget vert gjennomført som open konkurranse etter "forskrift om offentlige anskaffelser" av 20.juni.2006., del I og II, Anskaffing under EØS terskelverdiane og uprioriterte tenester. Gulen kommune vil innhenta tilbod frå fleire entreprenørar.

Konkurransen vil verte gjennomført på ein sakleg og forsvarleg måte som gjev lik behandling av tilbydarane.

Kommunen tar atterhald om å godta eller forkaste alle innkomne tilbod.

Kvalifikasjonskrav:

Leverandørar som leverer tilbod må framskaffe skatteattest for meirverdiavgift og skatt og HMS-eigenerklæring i samsvar med "forskrift om offentlige anskaffelser" av 20.juni.2006 og signert skjema «Eigenerklæring Vedrørande sosial dumping» .

Henvising til kunngjøring: Konkurransesgrunnlaget er kunngjort elektronisk via EU-supply og har referansenummer **187206**.

SPESIFISERING AV OPPDRAGET

Kommunen har om lag 30 km kommunal veg med grusdekke og 105 km veg med fast dekke. Kommunen har for 2025 løyvd midlar for asfaltering.

Kommunen vil sjølv gjere førearbeid på eksisterande vegunderlag i samband med dette arbeidet. Entreprenør skal sørge for skjering/fresing av asfaltkant mot eksisterande asfaltdekke.

Entreprenør må før oppstart av arbeid måle opp og vurdere om oppgitt mengde asfalt er rett. Utført arbeid vert fakturert etter medgått mengde/areal.

Tilbodet.

1. Reasfaltering med pris pr. tonn, samt pris pr. m2 for klebing på diverse vegstrekningar. På enkelte strekningar må delar av vegen sporfyllast før reasfaltering. Dersom det er ulik pris pr tonn for sporfylling og reasfaltering må dette spesifiserast i tilbod.

Det er sannsynleg at alle vegstrekningane skal reasfalterast i løpet av 2025. Kommunen skal likevel stå fritt til å velje blant strekningane og omfanget.

TILBOD Reasfaltering på fleire vegstrekningar.

	Vegstrekning	Veglengde M	Vegbreidde M	Areal m2	Asfalt	
					pr m2 kg/m2	Totalt Tonn
1.1 a	KV1020 S1D1 m2300-3970 Glengjevegen, Dalsøyra På delar av strekningen er det aktuelt med sporfylling før reasfaltering	1 670	3,5	5 845	130	760
1.2 b	KV1062 S1D1 m1620-2790 Nordre Sandøyna, Byrknesøy Reasfaltering 110 kg/m2	1 170	3,2	3 744	110	412
1.3 c	KV1010 S1D1 m170-580 Dingevatnet, Eivindvik Sporfylling før reasfaltering ca. 150 m	410	3,1	1 271	130	165

- **For reasfaltering/sporfylling ynskjer kommunen pris pr. tonn asfalt, samt pris pr. m2 for klebing. Leverandør står fritt til eventuelt å prise reasfaltering og sporfylling ulikt.**
- Skøytar skal enten fresast eller skjerast, og må prisast pr. meter eller pr. skøyt.
- Kommunen stiller krav til utført asfaltkant med 45° vinkel.
- Utført arbeid vert fakturert etter medgått mengde/areal.

Kommunen tek atterhald om å redusere omfanget, og vil stå fritt til å velje kva for asfalteringstiltak som vert realisert. Asfaltert areal vert målt opp i ettertid.

Kontroll og dokumentasjon.

Kommunen skal når som helst kunne kontrollere utføringa. Entreprenøren skal dokumentere utføringa.

- Kommunen krev at tilbydar skal opplyse om faktisk tal tonn asfalt som er gått med pr. vegstrekning.
- Kommunen tek atterhald om å ta stikkprøvar for kontroll av asfaltdjupne før tilbydar kan rekne oppdraget som ferdigstilt.

Opsjon: Pris på innlegging av informasjon om lagt vegdekke i NVDB.

Anna:

I område som Gulen kommune skal legge dekke, kan det vere interesse frå oppsitjarane om å legge fast dekke på privatvegar, tun m.m. Dersom grunneigarane skal asfaltere samtidig med kommunen, må dei gjere eigne avtalar med asfaltentreprenør.

Med helsing

Willy André Christensen

konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje handskriven signatur

Bruk gjerne eDialog for å svare oss på dette brevet. Oppgi referansenummer 2025/1086. Les meir om eDialog på <https://gulen.kommune.no/article/kontakt-oss>

Vedlegg

- 1 VEDLEGG 1 - Asfaltering 2025 - kart Gulen kommune
- 2 VEDLEGG 2 - Egenerklæring om helse, miljø og sikkerhet
- 3 VEDLEGG 3 - EGENERKLÆRING VEDRØRENDE SOSIAL DUMPING